

## Uttale frå klubben ved Rimbareid skule ang. «Budsjettforslag 2019 og økonomiplan 2019 – 2022 for Fitjar kommune»

### **Spesialundervisning, delingstimar og tilpassa opplæring**

I 2018 har kommunen skåret ned på det totale lærartimetalet på skulen. Det har ført til at det er færre delingstimar. Delingstimane våre må i stor grad brukast på klassar med store utfordringar eller på store klassar i ungdomsskulen.

No ser me at det og vert budsjettert med nedskjæring på ei heil spesialpedagogstilling. Dvs seie at 26 lærartimar forsvinn. Sjølv om mange av desse timane «går ut» med 10. klassingar, er det naturleg å tru at det vil vera nye elevar som og treng spesialundervisning skuleåret 2019/2020.

Krava til tilpassa opplæring er store og terskelen for kven som vert tilrådd spesialundervisning er høg, spesielt når det gjeld dei lågaste trinna. Småskulen har fått timar til intensiv opplæring, men desse har i praksis berre bytta plass med delingstimane som er tekne vekk. I realiteten har ein dermed ikkje fått inn ekstra ressursar til intensiv opplæring, men heller mindre. Timar til leserettleiarar har t.d. falle ut. I ungdomsskulen har me og klassar som ikkje har nok bemanning i basisfaga, der ein lærar står åleine i faga.

Me er glade for å ha eit mangfald med elevar frå meir enn 20 nasjonalitetar på skulen vår. Mange av desse elevane treng mykje hjelp for å læra seg norsk og få med seg den kunnskapen dei skal.

Færre delingstimar og færre timar til SNO ( særskilt norskopplæring) i høve elevar med behov har allereie no ført til stor arbeidsbelastning på mange lærarar. Ytterlegare nedskjæringar vil ikkje gjera situasjonen betre.

### **Nedbemanning**

Me meiner at Fitjar kommune treng dei lærarane me har pr. i dag.

Dersom Rimbareid får ca 90 fleire elevar på barnetrinnet, vil klassane auka med eit snitt på 6 -7 elevar. Me veit at arbeidsbelastninga på mange lærarar då vil verta større.

Budsjettforslaget med nedlegging av grendaskulane medfører at mange lærarstillingar forsvinn. Dersom dette skulle bli en realitet, og lærarar må seiast opp, er me opptatt av at evt oppseiingar må følgja vanlege arbeidsrettlege avtalar. Utdanningsforbundet sentralt sin advokat har kome med denne presiseringa:

«I en nedbemanningsprosess er det tilstrekkelig å være «kvalifisert» for stillingen. Her må man se hen til de kompetansekrav som fremgår av Forskrift til opplæringslova Kapittel 14, «Krav til kompetanse ved tilsetjing og undervisning».

Videre må det vurderes om noen faller inn under unntaket fra kompetansekravene som gjelder frem til 2025. Omfattes man av unntaket, så er man kvalifisert og det er således ikke grunnlag for å gjøre unntak fra ansiennitetsprinsippet».

Me meiner og at kommunen ikkje på nokon måte må leggja noko press på seniorar om å pensjonera seg. Evt seniorsamtalar må vera lagt fram som eit tilbod ein meldar seg på, ikkje som eit tilbod ein må melda seg av.

## **Skulebygningane**

Me har fleire klasserom som ikkje eignar seg særleg godt til undervisning. På mellomtrinnet har 4 av 6 klassar ( som i år vert brukt av 4. klasse og 6. klasse) dårleg tilrettelagte klasserom m.a. med tanke på lydforhold. Kort fortalt er det slik at dersom ein klasse syng ein song så vil det for naboklassen bety at dei høyrer songen like godt som om det var i deira eige klasserom det vert sunge. Det same gjeld på ungdomsskulen, der til dømes lyd frå klasserom nede trekk opp i klasseromma i andre etasje.

Me er difor uroa når me les at det skal gjerast ei ny vurdering av utbyggingsbehovet på Rimbareid ved evt skulenedleggingar. Slik me les det, er det for å spara.

Ei evt skulenedlegging vil medføra ca 90 fleire elevar på barnetrinnet, 12-13 elevar i snitt pr trinn. Ein har då heller ikkje tatt høgde for tilflytting. Ein auke med 6-7 elevar pr. klasse i t.d. desse klasseromma på mellomtrinnet, vil vera nær sagt umogleg med tanke på lydforhold og plass.

Dersom elevtalet på barneskulen aukar som følgje av ei evt skulenedlegging, må alle klasserom vera både velegna og store nok.

Store klassar på ungdomsskulen har og svært mange elevar pressa inn i eit rom. Dette må ein og sjå nærare på.

Det er og viktig at ein ser nøye på uteareal, om ein må byggja ut skulen. Det er ikkje mykje plass som det er no, og ei eventuell utbygging vil ta delar av eit viktig uteareal for elevane.

## **Nøye vurdering**

Klubben på Rimbareid skule meiner at ein må vurdere budsjettforslaget og økonomiplanen nøye.

Me saknar ein grundigare vurdering av evt negative økonomiske konsekvensar av skulenedleggingane. Me saknar og vurdering av moglege negative konsekvensar for Rimbareid. Dette spesielt med tanke på store klassar, åtferd og tilhøva for elevar med ulike funksjonshemmingar eller sosiale/psykiske vanskar.

Ein bør snu alle steinar med tanke på å få eit betre økonomisk budsjett når det gjeld skulesektoren. Her må ein sjå på moglege inntektskjelder, ikkje berre på utgiftspostar.

Ein må og ha med i vurderinga at skulebudsjettet for kommunen allereie har hatt mykje innsparingar.

Kommunen har mange gode planar for skulen både når det gjeld lesing, rekning, nasjonale prøvar mm. Ein har ambisiøse planer i kommunen når det gjeld gode faglege resultat for elevane.

Nedskjæringar både i høve delingstimar, SNO timar og spesialundervisningstimar i kombinasjon med større klassar er etter vår meining eit dårleg utgangspunkt for ein vellukka måloppnåing.